

11.11.2020

Budsjett og økonomiplan for Herøy kommune 2021-2024

Alternativt framlegg frå
Herøy Framstegsparti




Fremskrittspartiet

Vårt utgangspunkt

Herøy FrP ynskjer å sjå på budsjett og økonomi i eit lengre perspektiv, difor har vi utarbeida eit alternativt framlegg som forklarar korleis vi ynskjer å utvikle Herøy kommune. For at vi skal få kontroll på økonomien, så må vi sjå på kva som er riktig fordeling av midlane vi har til disposisjon. Diagrammet under viser at andelen eldre i kommunen blir større, og det blir færre barn. Då er det også naturleg at midlar over tid blir flytta frå oppvekst til helse og omsorg.


Befolkningssammensetningen i 2018, 2025 og 2040. Hovedalternativet. Summerer seg til 100 % for det enkelte år. Herøy (Møre og Romsdal)



Figur 1- Viser at andelen born og unge går ned, og at andelen over 67 år stiger kraftig. Kjelde: [Regjeringen.no/kommunedata](https://regjeringen.no/kommunedata)

Dette er ei utvikling som vi ser i heile landet, difor meiner vi at dette er ei utvikling vi ikkje klarer å snu. Vi kan dermed prøve å bremse denne utviklinga ved å stimulere til tilflytting. Dei to viktigaste faktorane for kvar folk vel å busette seg er etter vår meining arbeid og bustad. Difor må vi alltid ha som mål å ha ledige tomter for sal i ulike delar av kommunen. På same måte som vi må ha ledig areal for bustadbygging, treng vi også ledig areal til industri og næring. Figuren under viser at vi har 341 fleire som pendlar ut av kommunen enn det som pendlar inn. Det betyr at vi har eit underskot på arbeidsplassar, og på sikt kan det bety at vi får ei negativ folketalsutvikling.

Inn- og utpendling, hovudstraumar 2019, sortert etter tal utpendlarar



Figur 2 - Viser kor mange som pendlar inn og ut av kommunen for å gå på jobb. Kjelde: Kommunestatistikk

Vi ynskjer at Herøy kommune skal vere ein aktiv tilretteleggjar for næring og industri, slik at fleire bedrifter kan etablere seg og vekse i Herøy kommune. Herøy FrP er villige til å strekke oss langt når det gjeld å investere i infrastruktur som vi meiner vil gagne næringslivet, og på sikt stå som eit pluss i rekneskapen. Vi skal likevel vere bevisst lånegjelda vår, og ikkje sette oss i ein situasjon vi ikkje kan handtere. Kort oppsummert vil vårt forslag til budsjett og økonomiplan bære preg av ei satsing på arbeidsplassar, som skal bidra til å gi oss eit betre handlingsrom i budsjetta nokre år fram i tid.

Skatt og rammetilskot

Herøy kommune ligg i dag godt over landsgjennomsnittet for skatteinntekter per innbyggjar. Det er noko vi trur kjem til å fortsette i åra framover. Vi har mange spennande bedrifter som er i vekst, og etterspørselen etter industri og næringsareal i Herøy aukar. Herøy kommune er også spesiell i den forstand at vi har ei fiskeflåte som er heilt i landstoppen, og som har bidratt til at innbyggjarane i Herøy i 2018 hadde i snitt den nest høgste inntekta per innbyggjar i Møre og Romsdal. Når vi legg dette til grunn så meiner vi det er grunnlag for å legge skatteinntektene på eit litt høgare nivå enn det kommunedirektøren foreslår. Det betyr også at vi må redusere rammetilskotet med 60% tilsvarende auka i skatteinntekter. Skatteinntektene er noko vi kanskje kunne ha auka enda meir, men vi vel å vere forsiktige her og tek heller imot ei positiv overrasking når vi får resultatet.

Omstilling til ei berekraftig drift

Herøy kommune har i dag ein struktur på tenestene som er dyrare enn det den må vere. Potensiale for å spare betydelege summer er til stede både i helse- og omsorg og i oppvekst. Vi har også valt å ta vekk dei kutta som går på tiltak som er forebyggjande. Vi meiner det er både betre for dei det måtte gjelde, og billegare å prøve å gjer noko med problem på eit tidleg tidspunkt. Hjelp frå ein psykolog

kan for eksempel gjere at færre fell utanfor arbeidslivet og slepp å gå på trygd. Sjølv om dette har ein kostnad no, så meiner vi dette er viktig i eit lengre perspektiv for å få ein berekraftig økonomi.

Grunnskulen

Kostnadane per elev i grunnskulen i Herøy heng tett i hop med talet på elevar på dei ulike skulane. Dei største skulane har lågast kostnad per elev, og dei minste skulane har høgst kostnad per elev. I tillegg til dei økonomiske fordelane med større skular, kjem eit større sosialt og fagleg miljø dei tilsette og elevane til gode. Difor kjem Herøy FrP til å stille seg bak kommunedirektøren sitt forslag til endringar i struktur i barneskuletrinna.

Barnehage

Dei private barnehagane får sine tilskot basert på drifta til dei kommunale barnehagane. Ein stor og effektiv barnehage som den einaste kommunale barnehage, vil difor vere med på å redusere kostnadane for Herøy kommune. Vi veit at behovet for fleire barnehageplassar i Myrvåg er til stede, og vi vil difor sjå på moglegheitene for å flytte dei kommunale barnehageplassane i Bergslia til Myrvåg. Dette fordi Myrvåg-området er eit område i sterk vekst, og fordi ei «barnehagelekasje» til nabokommunane vil vere meir kostbart då vi må betale nasjonale satsar for dei.

Eldreomsorg

Herøy kommune er ei instutisjonstung kommune. Det gjer at vi har høge kostnadar på eldreomsorg. Herøy FrP ønsker å investere i fleire eldrebustadar i sentrum, som er tilrettelagde for at eldre skal kunne bu og leve sjølvstendig lenger. Dette kan vere både bustadar for sal og utleige. Dette krev store investeringar, og er noko som vi må jobbe målretta mot over tid. Vi ønskjer også at frivillige kan ta ein større del av aktiviseringa av eldre, slik at helsepersonell får meir tid til dei ordinære oppgåvene dei har.

Investering

Kommunedirektøren har foreslått ein omfattande investeringsplan for Herøy kommune. Dei fleste av investeringane er investeringar som skal generere arbeidsplassar, eller investeringar som gjer at vi kan ta ned kostnadane på drifta av kommunen. Den største av investeringane i planperioden er dessutan ei forskottering der vi får igjen over halve investeringsbeløpet. Av nye investeringstiltak som vi har foreslått, er at vi skal bygge ny barneskule på Bergsøya i løpet av økonomiplanperioden. Vi har også foreslått å bygge nye lokale for avlastning til barn med særskilte behov. Totalt sett vil vi ha ei veldig stor lånegjeld som gjer oss sårbare. Likevel meiner vi at kommunen kan handtere dette på ein god måte med dei omstillingane som kommunedirektøren foreslår.

Framlegg til endringar i forhold til kommunedirektøren sitt budsjett

Drift

	2 021	2 022	2 023	2 024
Auka finanskostnadar	50 000	435 000	4 280 000	7 780 000
Ikkje auke planleggingstid Ped leiarar barnehage	- 400 000	- 900 000	- 900 000	- 900 000
Reduksjon fagdag til 2 i året	- 2 500 000	- 2 500 000	- 2 500 000	- 2 500 000
Netto skatt/ramme	- 2 000 000	- 2 000 000	- 2 400 000	- 2 800 000
Fortsatt kjøkken på Myrvåg omsorgssenter			500 000	1 000 000
Vidarføre familiestøtte	60 000	60 000	60 000	60 000
Bruk av disposisjonsfond	2 090 000	1 130 000	960 000	- 2 640 000
Avsetning til disposisjonsfond	- 2 700 000	- 3 775 000	-	-

Investering

PROSJEKT (alle summar oppgitt eks mva)	2021	2022	2023	2024
Ny Bergsøy skule 5-7 trinn	1 000 000	1 000 000	100 000 000	100 000 000
Ny avlastning for barn	500 000	10 000 000	10 000 000	

Verbalframlegg

1. Kommunestyret ber administrasjonen fremje ei sak der kommunestyret sett av ein årleg sum til unge frivillige. Dette skal gå til ulike grupper som samlar inn pengar til ulike formål (eks Polen-tur, russetid, idrettsarrangement osv.), mot at dei gjer enkle samfunnsoppgåver. Døme på slike oppgåver kan vere aktivisering av eldre, strandrydding og anna dugnadsarbeid.
2. Kommunestyret vedtek å redusere eigenkapitalkravet ved investeringar til 10%, slik at vi ikkje tappar disposisjonsfondet vårt til formål der vi kan låne. Auka finanskostnadar blir tatt frå disposisjonsfondet.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren fremje ei sak der ein vurderer å innføre fritt skuleval.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren fremje ei sak med ulike forslag til nye industriområde i kommunen.
5. Kommunestyret ber kommunedirektøren om ei vurdering av behovet for Bergslia barnehage. Dette må sjåast i samanheng med kapasiteten i dei private barnehagane, og ei samling av dei kommunale barnehagane i indre Herøy. Dette for å rette opp i skeivfordelinga mellom talet på barnehageplassar i indre og ytre Herøy.
6. Kommunestyret ber kommunedirektøren opprette eit integreringsbarometer. Dette skal måle kvaliteten på integreringa i Herøy samanlikna med andre kommunar. Kor godt kan ein norsk, kor stor del av dei som går gjennom integreringsprogrammet kjem i jobb eller utdanning, og anna informasjon som kan seie noko om kvaliteten på integreringa vil vere viktig å få med her.

Karl-Oskar Sævik

Gruppeleiar Herøy FrP